

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 8. april 2021

Stad: Teams

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Pål Rørby, Hemsedal kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Tore Haraldset, Nesbyen kommune

Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune

Hege Mørk, Gol kommune

Reidun Katrine Halland, Hemsedal kommune

Henrik Skovly, Nesbyen kommune

Odd Egil Stavn, Flå kommune

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

Sak 28/21 REKRUTTERINGSPROSJEKT FOR YRKESRETTA UTDANNING «LYFT FOR YRKESFAG»**Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal ønskjer å bidra til at rekrutteringsprosjekt for yrkesretta utdanning «Lyft for yrkesfag» ved Ål vgs blir realisert. Regionrådet legg til grunn at prosjektet gjeld alle yrkesfag i Hallingdal, også restaurant og matfag, og løyver inntil kr 50 000 til formålet.
2. Pengane vert teke av strategisk plan midlane .

Sak 29/21 SØKNAD PÅ HOVUDPROSJEKT «GRØN VEKST HALLINGDAL»**Vedtak:**

1. Regionrådet støttar søknaden om 3-årig hovudprosjekt «Grøn Vekst Hallingdal»
2. Det blir arbeidd vidare med næringa og andre aktørar for å finne løysing for å dekke eigenandelen. Kommunane løyver kr 100 00 årleg i tre år, gjennom Regionrådet. For 2021 blir kommunane sin del teke av strategisk plan midlane i Regionrådet.

SAK 30/21 EVENTUELTT**Regionrådsmøte i april****Vedtak:**

Det blir regionrådsmøte på Nesbyen 29. og 30. april. Møtestart kl. 1500 den 29. april

Ung Invest

Pål Rørby informerte om Ung Invest og planane om eit digitalt karrieresenter som kan gje kompetansearbeidsplassar til dalen. Saka kjem opp att i Regionrådet når den er klar.

Info om Sats på Hallingdal - omstillingsstatus

Jan Olav informerte om vegen vidare for oppstart av omstillingsprosjektet Sats på Hallingdal

- Fylkesrådet har gitt Gardermo-regionen og Hallingdal omstillingsstatus.
- Hallingdal får minimum 2 mill. i 3 år.
- Vidare oppfølging av saka blir gjort av Viken fylkeskommune, rådsområde næring, som vil ta initiativ til eit oppstartmøte med Hallingdal - truleg i april.
- Det skal etablerast eit omstillingsprosjekt etter Innovasjon Norge sin metodikk
- Om oppstart blir seinare, vil me uansett få ei orientering på Regionrådsmøte i april.

Politiråd

Det er ulike erfaringar med dei kommunale politiråda og eit ynskje om å få til eit regionalt politiråd

Vedtak:

Hallingtinget drøftar interessa for regionalt politiråd i møtet den 18.juni.

Busstilbod i Hallingdal

Vy buss vil frå 1. juli redusere busstilboden på strekninga Hemsedal - Gol og Nesbyen – Flå, på helgetid.

Vedtak:

Regionrådet tek med seg informasjonen, held kontakt med lokale tillitsvalte og følgjer saka framover.

Kompensasjonsordninga til næringa

Regionrådet drøfta kompensasjonsordninga til næringslivet, kva som treff og kva som ikkje treff. Om Hallingdal skal oppretthalde eit reiseliv på vinterstid, må me ha heilt andre og meir målretta ordningar enn i dag. Det vart også drøfta om bedriftene har nyttegjort seg dei eksisterande kompensasjonsordningane som finst i dag.

Vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag å framskaffe tal og faktagrunnlag slik at Regionrådet kan koma i konstruktiv dialog med regjering og sentrale myndigheter om korleis ein kan unngå konkursar for dei bedriftene som er hardast råka.

ÅI, 8. april 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar